

## Referat frå ekstra rådmøte 24. april 2015.

Tilstades: Regionordfører Jon Svartdal, Hilde Alice Vågslid, Erik Skjervagen, Arne Vinje, Halvor Homme, Gunnar Ruud, Kari-Gro Espeland, Brit Houge, Sverre Sæter, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### Sak 14/2015 Referat frå rådmøte 17. mars 2015.

*Vedtak: Referat frå rådmøte 17. mars 2015 vart samrøystes godkjent.*

### Sak 15/2015 Disponering av grunnfondsmidler

I denne saken var Kirsti Torbjørnson frå Telemark Kommunerevisjon tilstades. Gunnar Ruud gjekk frå denne saken ut frå inhabilitet pga styreposisjon i Vest-Telemark Næringsbygg.

Saken var oppe også i rådmøte 17. mars der det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Brit Houge, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Gruppen rådde til å dele ut 1 mill kroner til kvar av kommunane på vilkår at midlane skal nyttast til aksjeinnskott i Vest-Telemark Næringsbygg. Etter nytt møte i arbeidsgruppen vart det utarbeidd eit alternativt forslag til fordeling mellom kommunane der utbetalingane bygde på fordelingane til Fellesfondet frå Konesjonskraftstyret. Utrekninga gjev fylgjande fordeling av 6 mill mellom kommunane:

- Vinje: 2.359.000
- Tokke: 1.170.000
- Kviteseid: 474.000
- Fyresdal: 1.010.000
- Seljord: 474.000
- Nissedal: 513.000

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Tinget til å gjera formelt vedtak om å utbetale 6 mill kroner i grunnfondsmidler til kommunane i regionen. Midlane vert fordelt etter ein fordelingsnøkkel som går fram av "Revidert konesjonskraftbudsjett for år 2010" frå Konesjonskraftstyret.*

*Utbetalingane er endelege og utan verknad ved mogleg oppløysing av Vest-Telemarkrådet.*

*Det er ein føresetnad for dei enkelte utbetalingane at alle kommunane gjer vedtak om utbetaling og at midlane vert nytta til aksjeutviding i Vest-Telemark Næringsbygg. Samrøystes vedtak.*

### Sak 16/2015 Søknad til Byregionprogrammet.

Ole Dalen og Olav A. Veum orienterte nærare frå arbeidet med søknaden til Byregionprogrammet.

Det er no gjennomført ei samfunnsanalyse der Vest-Telemark Næringsforum har vore engasjert.

Analysa tek utgangspunkt i ei hypotese der ein vil utvikle regionen gjennom fleirkjernestruktur i tilknytning til eksisterande eller planlagte næringshagemiljø.

Søknadsfristen er sett til 1. mai.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet går inn for å sende søknad til "Utviklingsprogrammet for byregionar (ByR)" på grunnlag av samfunnsanalyse og prosjektplan for Vest-Telemark som er utforma i tråd med det gjennomførte forstudiet.*

*Tokke kommune er søkarkommune, og det planlagte arbeidet vert organisert gjennom Vest-Telemarkrådets administrasjon.*

*Arbeidsgruppen med kontaktpersonar frå kommunane får mandat til å justere søknaden i fellesskap før den sendast inn. Samrøystes vedtak.*

### **Sak 17/2015 Saker til møte med Telemarksbenken 13. mai.**

Sidan den avtalte møtedatoen er dagen før Kristi Himmelfartsdag og det er oppstade usikkerhet om kor mange av stortingsrepresentantane som har høve til å møte, har det vore ein vidare dialog med Terje Lien Åsland. På denne bakgrunn fann ein å måtte vurdere møtedato på nytt.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet ber om nytt møte med Telemarksbenken 26. mai. Om det vert fastsett møte denne dagen vert rådsmøtet lagt til Oslo.*

*Agenda for møtet med Telemarksbenken fastsettast endeleg gjennom mailkorrespondanse med deltakarane. Førebels agenda:*

- *Infrastruktur med E134 som stamveg og utfordringar med finansiering for fylkesvegane i øvre Telemark*
- *Strukturutfordringar i Barnevernet*
- *Postombering i distrikta*

### **Sak 18/2015 Kommunereformen, status og vidare arbeid**

I denne saken møtte Bent Aslak Brandtzæg frå Telemarksforsking, Per Dehli frå Fylkesmannen i Telemark og Hanne Winberg frå Kommunenes Sentralforbund.

Per Dehli orienterte innleiingsvis om Fylkesmannens rolle og Hanne Winberg gjekk nærare inn på KS si rolle i prosessen.

Det vart informert frå kvar enkelt kommune om dei politiske vedtaka i saken.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet startar opp forprosjektet og ber prosjektleiar setje i gang arbeidet frå vedtaks dato. Fyrste møte i styringsgruppa for prosjektet vert fastsett til 11. mai kl. 9.00 i næringshagen i Kviteseid.*

*Retningar som er klare for vidare arbeid i forprosjektet er:*

- *Vidareføring av dagens kommunestruktur med meir forpliktande samarbeid.*
- *Mogleg samanslåing av Seljord, Nissedal og Kviteseid. Her er det føresett at Kviteseid kommunestyre fattar vedtak i komande møte 7. mai.*
- *Mogleg samanslåing av Fyresdal og Tokke.*

*Andre aktuelle alternativ nemnt i politiske vedtak, er samanslåing av Tokke og Vinje og samanslåing av Fyresdal, Tokke og Vinje. Desse 2 alternativa er gjenstand for nærare samtaler mellom dei aktuelle kommunane.*

*Samrøystes vedtak.*

Referent: Kjell Gunnar Heggenes